



Hardanger Fjordfrukt SA er det største fruktpakkeriet i Noreg og hadde i 2016 ei omsetjing inkl. driftsmiddelsal på 68 mill. kroner. Frukt vert levert til Bama, Synnøve Finden og TINE. Hardanger Fjordfrukt SA har 6 fast tilsette i tillegg til 35 sesongarbeidarar. Pakkeriet opna i juli 2004 og er lokalisert på Utne.

Hardanger Fjordfrukt SA driv ein kontinuerleg prosess for å levera optimalt marknadstilpassa produkt. Verksemda er leiande med å ta i bruk nye styringsverktøy og maskinelle løysingar.

Vi søker no etter

Dagleg leiar

Vi søker ein analytisk og resultatorientert person med gode leiareigenskapar. Stillinga har breie kontaktflater og krev evne til å etablere gode relasjonar. Stillinga rapporterer til styret og medfører eit totalansvar for verksemda.

Søklar bør ha høgare utdanning og røynsle frå leiing med økonomisk ansvar. Vidare ynskjer vi at søklar er marknadsorientert og evnar å arbeida strukturert og målretta.

Arbeidsstilen må vera inkluderande med vekt på godt og effektivt arbeidsfellesskap i eit til tider hektisk miljø.

Vi tilbyr:

- Utfordrande stilling innan eit fagområde i stor utvikling
- Liten og dynamisk organisasjon med korte beslutningslinjer
- Engasjerte medarbeidarar og eigarar som er med og løfter verksemda opp og fram

Spørsmål om stillinga kan rettast til:

Bedriftsrådgjevar Sjur Ove Svartveit, tlf. 9084 8850.

Styreleiar Magnar Velure, tlf. 901 19 990

Kortfatta søknad med CV kan sendast til sjur.ove@svartveit.no

Søknadsfrist: 3. november 2017.